

Åpning av det 147. Storting

President: J ø r g e n K o s m o

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hennes Majestet Dronningen seg *onsdag den 2. oktober kl. 13* i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Forsamlingen sang første vers av «Kongesangen».

Hans Majestet Kongens tale til det 147. Storting ved dets åpning:

Ærede President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Samarbeidsregjeringen har sin verdiforankring i rettsstatens og demokratiets prinsipper og den kristne og humanistiske kulturarv. Respekten for det enkelte menneske er grunnleggende. Regjeringen vil kjempe for menneskerettigheter og menneskeverdet.

Regjeringens mål er å utnytte de store mulighetene Norge har. Det krever vilje til politisk fornyelse. Regjeringen vil forsterke kampen mot fattigdom, hjemme og ute. Det vil bli ført en familiepolitikk med vekt på økt valgfrihet og barnas beste. Det skal føres en offensiv miljøpolitikk basert på prinsippet om bærekraftig utvikling. Regjeringen vil fornye og forbedre distriktpolitikken. Regjeringen vil forbedre kvaliteten innen utdanning, helse, tjenester og eldreomsorgen. Det samlede skatte- og avgiftsnivået skal reduseres.

Norge er et rikt og godt land å bo i for de fleste. Det forplikter oss til å hjelpe fattige og forfulgte. Regjeringens mål er å trappe opp bistanden til 1 pst. av BNI innen 2005. Regjeringen vil følge opp handlingsplanen for bekjempelse av fattigdom i sør.

Norge er heldig stilt med store olje- og gassinntekter. Likevel er det vår evne til å skape verdier i fastlandsøkonomien som over tid vil være bestemmende for vår velferd.

Et verdiskapende næringsliv er grunnlaget for inntekt og sysselsetting over hele landet.

Regjeringen vil videreutvikle velferdssamfunnet og styrke grunnlaget for frivillig engasjement.

I familien legges grunnlaget for barns trygghet og personlighetsutvikling. Politikken skal bygge på at foreldrene har hovedansvaret for sine barn. Regjeringen vil legge frem en stortingsmelding om familiepolitikken.

Regjeringen legger til rette for å følge opp Stortingets vedtak om barnehagepolitikken, med sikte på full behovsdekning, lavere foreldrebetaling og likebehandling av private og offentlige barnehager. Kontantstøtten skal fortsatt sikre foreldrenes valgfrihet.

Regjeringen vil øke den lokale handlefriheten i skolen. Regjeringen vil iverksette tiltak som skal forbedre innhold, kvalitet og organisering av grunnopplæringen. Matematikk, leseopplæring og språkfag skal styrkes. Det

skal innføres et nasjonalt kvalitetsvurderingssystem for å sikre at målene for opplæringen nås.

Elevene skal bevisstgjøres på gode verdier i vår kulturarv. Alle skoler skal få tilbud om å delta i programmer for å hindre mobbing og problematferd.

Det skal bli lettere å etablere frittstående skoler.

Kvalitetsreformen i høyere utdanning skal være fullt ut innført fra og med høsten 2003.

Forskningsinnsatsen i Norge skal styrkes, med sikte på at Norge skal nå minst gjennomsnittlig OECD-nivå i løpet av 2005.

For å forenkle og fornye offentlig sektor vil Regjeringen delegerer ansvar og myndighet innad i staten og desentralisere oppgaver til kommunene.

Regjeringen vil føre en aktiv konkurransepolitikk og intensivere forenklingenarbeidet overfor næringslivet.

Regjeringen vil sammen med partene i arbeidslivet legge til rette for et mer inkluderende arbeidsliv. Politikken skal fremme et arbeidsmarked der folk sikres nødvendige kvalifikasjoner og kommer raskt i arbeid.

Lønnsutviklingen er kommet ut av takt med våre konkurranter og kronekursen har steget i verdi i forhold til andre valutaer. Lavere lønnsvekst vil bedre situasjonen for det konkurranseutsatte næringslivet. Regjeringen har invitert partene i arbeidslivet til et samarbeid om dette.

Det er mangel på arbeidskraft i mange næringer. Regjeringen vil endre uførepensjoneringsordningen og myke opp regelverket for arbeidsinnvandring for å øke tilgangen på arbeidskraft og bidra til at flest mulig beholder sin tilknytning til arbeidslivet.

Staten skal som arbeidsgiver gå foran med et godt eksempel ved å rekruttere yrkeshemmede og personer med innvandrerbakgrunn.

Regjeringen legger stor vekt på å få nyankomne flyktninger i arbeid og integrert i samfunnet raskest mulig gjennom bruk av introduksjonsprogram.

Regjeringen vil bedre grunnlaget for verdiskaping. Det skal gjennomføres en gradvis reduksjon av det samlede skatte- og avgiftsnivået for å styrke næringslivets konkurransevne, bedre folks mulighet til å klare seg på egen inntekt og gi større valgfrihet.

Regjeringen vil fortsette arbeidet for et mindre og bedre statlig eierskap i næringslivet. Forutsetningene for et bredt privat eierskap vil bli styrket. Et utvalg skal vurdere hvordan forvaltningen av det statlige eierskapet i næringslivet skal organiseres.

De næringsrettede virkemidlene skal endres for å styrke evnen til nyskaping i næringslivet over hele landet.

Regjeringen vil fortsette sitt arbeid for å øke kvinneandelen i styrene til minst 40 pst. og øke andelen kvinnelige ledere i staten.

Olje- og gassressursene skal forvaltes i et langsiktig perspektiv. Både naturgass, fornybare energikilder og effektiv bruk av energien er viktig for en miljøvennlig energiforsyning. Regjeringen vil arbeide for bruk av naturgass innenlands på en miljømessig god måte.

Det arbeides videre med å etablere et nasjonalt kvotesystem for klimagassutslipp for perioden 2005-2007 og med å påvirke klimapolitikken internasjonalt.

Arbeidet med å sikre våre gjenværende villmarksområder for å ivareta biologisk mangfold og friluftsliv vil bli prioritert.

Regjeringen vil legge frem en stortingsmelding om kulturminnepolitikken.

Regjeringen vil gjøre kollektivtransporten bedre og mer attraktiv, særlig i de største byene.

Sykehusreformen trådte i kraft fra årsskiftet. De regionale helseforetakene skal sikre gode og likeverdige helsetjenester til hele befolkningen og reduserte ventetider.

Planene for utbygging av kreftomsorgen og psykiatrien skal gjennomføres.

Det vil bli foreslått en ny skjermingsordning for egenandeler knyttet til helsetjenester som ikke inngår i dagens frikortordning.

Regjeringen vil legge frem en stortingsmelding om folkehelsepolitikken hvor det forebyggende arbeidet vil stå i fokus. Regjeringen vil foreslå ytterligere tiltak mot røyking.

Det vil bli lagt frem en handlingsplan mot rusmiddelproblemer.

Regjeringen vil i løpet av høsten 2002 legge frem en stortingsmelding om tiltak mot fattigdom.

Handlingsplanen for eldreomsorgen vil bli fullført.

Behovet for en lov mot diskriminering av funksjonshemmede skal utredes.

Regjeringen vil legge frem en stortingsmelding om organiseringen av Aetat, trygdeetat og sosialtjenestene.

Pensjonskommisjonens foreløpige rapport om et samlet fremtidig pensjonssystem gir et godt grunnlag for vurderinger og drøftinger i påvente av kommisjonens endelige innstilling.

Kunst og kultur har en egenverdi. Regjeringen vil legge frem en kulturmelding som tar dette perspektivet på alvor.

Regjeringen vil fremme en sak for Stortinget om regulering av spill og lotterier.

Regjeringen ønsker å bevare Den norske kirke som en åpen og inkluderende folkekirke. Dåpsopplæringen vil bli styrket.

Regjeringen vil prioritere tiltak mot vold, spesielt mot den vold som skjer i hjemmet og som særlig rammer kvinner og barn.

Regjeringen vil aktivt bekjempe organisert kriminalitet og hvitvasking av penger.

Regjeringen vil styrke den sivile beredskap. Innsatsen til frivillige organisasjoner vil fremdeles være sentral i rednings- og beredskapsarbeidet.

Regjeringen vil bidra til å sikre bosetting, verdiskaping og levedyktige lokalsamfunn over hele landet.

Det skal nedsettes en distriktskomisjon som skal gi grunnlag for å fornye og forbedre virkemidlene i distrikts- og regionalpolitikken.

Et aktivt norsk landbruk er viktig. Regjeringen vil videreføre arbeidet for å sikre økonomisk utvikling og rekruttering i næringen.

Regjeringen vil legge til rette for økt verdiskaping i marin sektor.

Regjeringen legger stor vekt på storbyenes muligheter og utfordringer og vil legge frem forslag til politikk for storbyregionenes utvikling. Det vil bli lagt frem en boligmelding med forslag til tiltak for å møte utfordringene på boligmarkedet.

Regjeringen vil konkurransetsette veiproduksjonen og omorganisere produksjonsvirksomheten i Statens vegvesen til et statlig aksjeselskap.

Regjeringen vil føre en human flyktning- og asylpolitikk, og vil verne om og hindre misbruk av asylinstituttet.

Det er viktig å bekjempe rasisme og etnisk diskriminering i det norske samfunn. Samtidig vil Regjeringen bekjempe den krenkelse av menneskerettighetene som skjer ved tvangsekteskap og kjønnslemlestelse.

Regjeringen vil oppfylle Norges internasjonale forpliktelser i forhold til urfolk og nasjonale minoriteter. Det skal legges til rette for utvikling av samiske næringer og samisk språk.

Regjeringen vil følge opp sitt sterke engasjement for fred og forsoning. Norges aktive deltakelse i FN vil bli videreført.

Kampen mot internasjonal terrorisme vil fortsette med et bredt spekter av virkemidler. Regjeringen vil legge vekt på humanitær og annen støtte til Afghanistan, samt deltakelsen i den flernasjonale ISAF-styrken og den militære operasjonen «Enduring Freedom».

Norges sikkerhet skal fortsatt være forankret innenfor NATO-samarbeidet, samtidig som NATO må tilpasses nye sikkerhetspolitiske utfordringer. Norge støtter en bredest mulig utvidelse av NATO.

Omstillingen av Forsvaret skal sørge for bedre evne til å løse oppgaver både hjemme og ute, i nært samarbeid med våre allierte.

Regjeringen vil føre en aktiv europapolitikk, hvor Norge fullt ut utnytter de mulighetene bl.a. EØS-avtalen gir. Avtalen ivaretar viktige norske interesser. Et nærmere samarbeid på områder som forskning, miljø, utdanning og sosialpolitikk gir også gode resultater.

Utvidelsen av EU bidrar til stabilitet og sikkerhet i vår del av verden.

Regjeringen vil videreutvikle og styrke de transatlantiske forbindelser og bidra til å bevare det sterke interessefellesskapet mellom Europa og USA.

Regjeringen vil forsterke samarbeidet med Russland. President Putins statsbesøk til Norge i høst er viktig i denne sammenheng.

Norge vil arbeide for å sikre økt oppslutning om Den internasjonale straffedomstol.

Regjeringen vil delta aktivt i den pågående forhandlingsrunden i Verdens handelsorganisasjon.

Regjeringen vil følge opp Verdenstoppmøtet om bærekraftig utvikling i Johannesburg gjennom aktiv innsats nasjonalt og internasjonalt. Det vil bli lagt frem en nasjonal handlingsplan for bærekraftig utvikling.

Jeg ber Gud velsigne Stortingets gjerning, og erklærer Norges 147. Storting for åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Børge Brende.

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Terroråtaka mot USA 11. september i fjor representerte eit tidsskilje i internasjonal politikk. Internasjonal terrorisme og spreing av masseøydeleggingsvåpen utgjer i dag den største trusselen mot internasjonal fred og tryggleik.

Kampen mot internasjonal terrorisme har blitt ført vidare med eit breitt spekter av verkemiddel, som omfattar politiske, økonomiske, juridiske og militære tiltak. Noreg har aktivt følgt opp det historiske artikkel 5-vedtaket i NATO ved å delta i operasjonen Enduring Freedom. I tillegg har vi delteke i den fleirnasjonale ISAF-styrken i FN-regi. Vi har samtidig halde fram med bistanden vår til Afghanistan, som består av både humanitær og annan bistand. Formannskapet vår i gjevvarlandsgruppa for Afghanistan – ASG – har gjeve oss ei sentral rolle i den humanitære innsatsen som det internasjonale samfunnet har gjort i landet.

Regjeringa har gjeve utviklingssamarbeidet høg prioritet. I 2002 er det 50 år sidan Stortinget første gongen løyvde midlar til utviklingshjelp. Årets bistandsbudsjett utgjer 0,92 pst. av den venta brutto nasjonalinntekta for 2002. Å verkeleggjere FN's tusenårsmål, med m.a. ei halvering av fattigdommen innan 2015, er ei sentral utfordring også for norsk utviklingspolitikk. Regjeringa har i år lagt fram ein handlingsplan for den internasjonale kampen mot fattigdom. Regjeringa har vidareført ein sterk innsats mot hiv-/aidsepidemien.

Frå 1. juli i år fekk dei minst utvikla landa full toll- og kvotefridom for import til Noreg.

Regjeringa har lagt vekt på å føre ein aktiv og realistisk europapolitikk, der målsetjinga har vore å utnytte EØS-avtala og dei andre tilknytingspunkta våre til EU fullt ut. Regjeringa la i vår for første gong fram ei melding, som frå no av skal bli årleg, om status for EØS-samarbeidet.

I mai ratifiserte Noreg som eit av dei første industrilanda Kyoto-protokollen om utslepp av klimagassar. Noreg medverka til ei forhandlingsløyving ved det siste partsmøtet og arbeidde mot ei utholing av forpliktingane. Noreg har vore pådrivar for at andre industriland skal ratifisere avtala.

Regjeringa la i mai fram eit revidert budsjett for 2002 som var innanfor handlingsregelen for budsjettpolitikken. Budsjettet vart halde innanfor rammene også etter handsaminga i Stortinget.

Styringsrenta til Noregs Bank, foliorenta, er pr. 1. september 2002 på 7 pst. Det er det same som i fjor på same tid. Kronekursen har styrkt seg med 8,6 pst. hittil i år målt etter konkurranseindeksen.

Den reelle veksten i inntektene i kommunesektoren i 2002 vart i revidert nasjonalbudsjett 2002 rekna til knapt 1 pst., eller om lag $1\frac{3}{4}$ milliardar kr. Etter at revidert nasjonalbudsjett vart lagt fram, er lønnsoppgeret for dei tilsette i kommunesektoren avslutta. Lønnsoppgeret peikar mot høgare kostnader i kommunesektoren enn det som vart lagt til grunn. På den andre sida gjev høgare lønn auka skatteinntekter for kommunar og fylkeskommunar.

Arbeidsmarknaden har vorte noko svekt det siste året. Det er likevel mangel på arbeidskraft i ein del næringar og yrke. Ved utgangen av august var den registrerte, sesongjusterte arbeidsløysa 3,2 pst. Yrkesdeltakinga i Noreg er blant dei høgaste i verda. I fjor var 73,5 pst. av alle nordmenn mellom 16 og 74 år anten i arbeid eller søkte etter arbeid. Kvinnene utgjorde i fjor vel 47 pst. av alle sysselsette.

Regjeringa la i april fram ei stortingsmelding om samfunnstryggleik. I tillegg til tiltak for å gjere enkeltsektorar mindre sårbare blir den samordnings- og tilsynsrolla som Justis- og politidepartementet har på tryggleiks- og beredskapsområdet, utvikla vidare og styrkt.

Forsvaret har i 2002 ført vidare ein svært omfattande omstillingsprosess. Stortinget handsama i vår eit framlegg frå Regjeringa om tiltak for å sikre stabile rammevilkår som ledd i den pågåande omstillinga og moderniseringa av Forsvaret.

Regjeringa gav i april Stortinget ei utgreiing om distrikts- og regionalpolitikken. Målet er å sikre busetjing, verdiskaping og levedyktige lokalsamfunn over heile landet. Regjeringa har lagt opp til ein offensiv politikk for lokalisering av statlege oppgåver utanfor hovudstaden.

Regjeringa la i mars fram ei stortingsmelding om havmiljø, som legg opp til ein ny og meir effektiv politikk når det gjeld tryggleik og beredskap langs kysten, miljøgifter, forureining av sediment og nullutslepp frå olje- og gassverksemda.

Det er forhandla fram ei jordbruksavtale mellom staten og Norges Bondelag som skal medverke til ei klar modernisering av norsk landbruk. Regjeringa la fram ein proposisjon basert på avtala, som fekk tilslutning i Stortinget.

Stortinget har handsama stortingsmeldinga «Et mindre og bedre statlig eierskap». Meldinga gjorde greie for generelle spørsmål vedrørande den statlege eigarskapen i norsk næringsliv og tiltak som kan styrkje privat eigarskap. Eit hovudelement i meldinga var vidare vurderingar av spørsmål knytte til målet om ei betre organisering og forvaltning av den statlege eigarskapen.

Ansvar for spesialisthelsetenesta vart 1. januar 2002 overført til staten, og sjukehusreforma vart sett i verk. Fem regionale helseføretak er i verksemd med brukarutval i alle regionar. Sjukehusreforma har alt resultert i kortare ventetid for behandling.

Stortinget har handsama stortingsmeldinga om evaluering av lov om medisinsk bruk av bioteknologi med tilslutning til hovudpunkta i framlegget frå Regjeringa. Regjeringa har vidare lagt fram ein odelstingsproposisjon med framlegg til lov om biobankar. Lovframlegget omhandlar innhenting, oppbevaring og bruk av menneskeleg biologisk materiale.

Regjeringa har støtta aktivt opp om intensjonsavtala mellom partane i næringslivet og staten om eit meir inkluderande arbeidsliv for å redusere sjukefråværet, gje arbeid til fleire med redusert funksjonsevne og auke avgangsalderen. Avtala er følgt opp på budsjettet og med lovendringar både når det gjeld sjukepengar og uførepensjonar.

Handlingsplanen for eldreomsorga har gjeve 12 000 nye årsverk innanfor pleie- og omsorgssektoren. Det har vore ein kraftig auke i talet på sjukeheimplassar og omsorgsbustader med heildøgntilbod.

Regjeringa har sett i verk tiltak for å betre situasjonen for vanskelegstilte. Innsatsen gjeld m.a. auka barnetillegg til alders- og uførepensjonistar som har forsørgjarsvar for barn, normering av sosialhjelpsatsar og tiltak for bustadlause.

I 2001 vart det etablert nye barnehageplassar til 2 800 barn. Det er frå juli 2002 innført stimuleringsstilskott til etablering av nye barnehagar, og frå august er statstilskottet til drift auka for å medverke til auka utbygging og redusert foreldrebetaling.

Regjeringa har sett i verk tiltak for å sikre høgast mogleg kvalitet på grunnopplæringa for flest mogleg elevar og ein meir open skole. Det skal også bli meir å velje mellom for skoleeigarar, skoleleiarar, lærarar og elevar.

I samsvar med framlegget frå Regjeringa vedtok Stortinget våren 2002 ei bindande kostnadsramme for nytt operahus i Bjørvika. Vedtak om startløyving vart gjort av Stortinget i juni. Staten har fått i gang eit samarbeid med Oslo kommune og grunneigarane om ei forsert utvikling av området.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet med å tilpasse NATO til den endra tryggingpolitiske situasjonen. Frå norsk side har vi streka under at NATO må stå best mogleg rusta til å møte truslane frå internasjonal terrorisme og spreiding av masseøydeleggingsvåpen.

Regjeringa har lagt vekt på å vidareutvikle og styrkje det transatlantiske samkvemmet og arbeidd for å bevare det sterke interessefellesskapet mellom Europa og USA.

Regjeringa har også arbeidd for ei meir balansert fordeling av plikter og oppgåver mellom USA og Europa. Vi har derfor støtta aktivt opp om EUs trygging- og forsvarspolitisk samarbeid. Det er bakgrunnen for at vi har sagt oss villige til å stille styrkar i samband med at EU skal overta FNs politioperasjon i Bosnia-Hercegovina.

Noreg har også arbeidd aktivt for eit styrkt alliert samarbeid med Russland. Opprettinga av NATO-Russlandrådet på toppmøtet i Roma i mai var banebrytande.

Noreg avslutta i oktober i fjor perioden som leiar for NATO-styrken i Kosovo, KFOR.

Noreg står den komande utvidinga av EU. Den er eit viktig bidrag til varig fred og stabilitet i Europa. Gjennom Handlingsplanen for Noregs samarbeid med søkjarlanda har vi ønskt å bidra til å førebu søkjarlanda best mogleg på ein framtidig EU- og EØS-medlemskap.

Regjeringa har ført vidare Noregs engasjement i Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa, OSSE, og teke aktivt del i arbeidet med å gjere organisasjonen betre i stand til å førebyggje og løyse konflikhtar.

Noreg har i 2002 vidareført engasjementet sitt saman med allierte og partnerland for å tryggje stabiliteten og ei demokratisk utvikling på Balkan. Regjeringa har sett det som viktig å medverke til å støtte konsolideringa av reformprosessane i landa på Vest-Balkan, og at desse på sikt også skal integrerast i europeiske og transatlantiske samarbeidsinstitusjonar.

I vårt eige tosidige forhold til Russland har Regjeringa lagt vekt på å utvikle vidare det breie samarbeidet på område som miljø, atomtryggleik, utdanning, helse, forsvar og næringsliv. Samtidig er det klart at fleire av dei største utfordringane i forhold til Russland ikkje kan løysast utan gjennom eit nært samarbeid med det internasjonale samfunnet. Det gjeld ikkje minst dei enorme atom- og miljøproblema i nord.

Regjeringa har ført vidare eit sterkt norsk engasjement for å verne om og styrkje menneskerettane. Den internasjonale straffedomstolen vart formelt etablert 1. juli i år.

Noregs aktive deltaking i Tryggingrådet i FN og Noregs sterke engasjement for fred og forsoning er ført vidare. Arbeidet for fred og konfliktløysing i Afrika har stått sentralt på dagsordenen i Tryggingrådet. Noreg har spelt ei viktig rolle m.a. med omsyn til fredsinitiativ på Afrikas horn. Noreg har også teke aktivt del i tilrettelegginga av fredsprosessen for Sudan i samarbeid med mellom andre USA og Storbritannia. I mars spelte Noreg som formann i Tryggingrådet ei nøkkelrolle i arbeidet med å få vedteke to viktige resolusjonar om Midtausten. Regjeringa har ved vedtak i Tryggingrådet i mai fått gjennomslag for ei omlegging av sanksjonane mot Irak.

Regjeringa deltok i 2002 aktivt med å førebu og gjennomføre FN-konferansen om finansiering av utvikling i Mexico i mars, FNs spesialsesjon om barn i mai, der vi inkluderte barn som delegatar, og Mattoppmøtet i Roma i juni.

Toppmøtet om berekraftig utvikling i Johannesburg sette søkjelyset på samanhengar mellom fattigdom, helse og miljø. Noreg var ein aktiv pådrivar for at det vart oppnådd resultat på viktige område som vatn og sanitær, skadelege kjemialiar og bevaring av biologisk mangfold.

Noreg har halde fram engasjementet sitt som tilretteleggjar for fredsprosessen på Sri Lanka og medverka til å forhandle fram ei våpenkvileavtale mellom den srilankiske regjeringa og Tamil-tigrane.

Noreg deltek aktivt i den nye forhandlingsrunden i Verds handelsorganisasjonen, WTO, der siktemålet er å styrkje det internasjonale handelssystemet og å sikre meir rettferdige internasjonale handelsvilkår.

Regjeringa har lagt fram Nasjonal strategi for berekraftig utvikling.

Arbeidet med å synleggjere norske haldningar og synspunkt gjennom ulike presse-, informasjons- og kulturtiltak har hatt høg prioritet.

Noreg har i 2002 hatt formannskapet i SHIRBRIG, Stand-By High Readiness Brigade for UN Operations. Den internasjonale brigadeformasjonen vart ved inngangen til 2002 meldt tilgjengeleg for fredsbevarande operasjonar i regi av FN.

I januar ratifiserte Noreg Gøteborg-protokollen om reduksjon av forsuring, overgjødsling og bakkenært ozon.

Noreg har også ratifisert Stockholmskonvensjonen om organiske miljøgifter.

Noreg deltok aktivt i forhandlingsprosessen om internasjonal miljøforvaltning, International Environmental Governance – IEG, som vart avslutta i februar 2002.

Noreg har arbeidd aktivt i internasjonale fora for ei berekraftig utnytting og forvaltning av ressursane i havet.

Ved utgangen av 2001 var verdien av Statens petroleumsfond 619 milliardar kr. Marknadsverdien av Petroleumsfondet inklusive Miljøfondet var ved utgangen av 2. kvartal 2002 605 milliardar kr. Frå utgangen av 2001 til utgangen av 2. kvartal 2002 har fondet hatt ei avkastning på minus 13 pst. Den svake utviklinga skuldast dels nedgangen i dei internasjonale aksjemarknadene og dels ei styrking av kronekursen.

Verdiskapinga i Fastlands-Noreg, målt med bruttonasjonalproduktet i faste prisar, auka med 1,2 pst. i fjor ifølgje tal i førebels nasjonalrekneskap. Verdiskapinga auka innanfor bygg og anlegg og innanfor tenesteytande næringar, medan det var nedgang innanfor primærnæringsringane og i industrien. Samla BNP auka noko sterkare enn fastlands-BNP i 2001 grunna auka olje- og gassutvinning.

Noregs bruttonasjonalinntekt var i fjor 1 502 milliardar kr, om lag 50 milliardar kr meir enn i 2000.

Det vart i fjor sett i gang bygging av over 25 000 nye bustader i Noreg. Det er den høgaste bustadbygginga på 11 år. I første halvår i år vart det sett i gang bygging av i overkant av 10 977 bustader, ein nedgang på 7 pst. samanlikna med den same perioden i 2001.

I 2001 vart det førstegongsregistrert 120 840 personbilar, ein oppgang på 4,5 pst. frå året før. Ved utgangen av fjoråret var det i alt registrert 1 873 000 personbilar i Noreg, ein auke på 20 000 bilar frå året før. I dei sju første månadene i år vart det førstegongsregistrert om lag 3 pst. fleire personbilar enn i den same perioden i fjor.

Konsumprisindeksen gjekk opp med 1,4 pst. frå august i fjor til august i år. I gjennomsnitt har konsumprisane hittil i år stige med 0,9 pst. samanlikna med den same perioden i fjor. Justert for avgiftsendringar og utanom energivarer har konsumprisane i gjennomsnitt stige med 2,5 pst.

Driftsbalansen overfor utlandet viste eit overskott på 115 milliardar kr i dei første seks månadene i år. Det er 5,3 milliardar kr mindre enn i den same perioden i fjor. Noregs nettofordringar overfor utlandet auka med knapt 100 milliardar kr dei første seks månadene i år og er rekna til 721 milliardar kr ved utgangen av juni.

I dei første åtte månadene i år var eksport- og importverdien av tradisjonelle varer etter tur 8,9 pst. og 10,5 pst. lågare enn i same perioden i fjor. Nedgangen må ein m.a. sjå i samanheng med at den norske krona har vorte sterkare. For Fastlands-Noreg viser handelsbalansen overfor utlandet eit underskott på 44 milliardar kr i første halvår i år, som er 2 milliardar kr mindre enn i fjor.

Etter fleire år med samanhengande vekst gjekk eksportverdien av fisk og fiskeprodukt ned frå 2000 til 2001. I 2001 utgjorde eksportverdien 30,2 milliardar kr, noko som er ein nedgang på i underkant av 800 mill. kr i forhold til året før.

Produksjonen av olje, gass og våtgass var i 2001 drygt 252 mill. Sm³ oljeekvivalentar. Det er ein auke på vel 3 pst. i forhold til året før. I dei første månadene i år har

den samla produksjonen vore høgare enn på same tid i fjor. Det skuldast i hovudsak auka eksport av naturgass.

Petroleumssektoren har ein sentral plass i norsk økonomi. I fjor stod sektoren for 23 pst. av den samla verdiskapinga i landet, 45 pst. av eksportverdien og 22 pst. av realinvesteringane. Inntektene frå sektoren svara til 32 pst. av dei totale inntektene staten hadde same året.

Verdien av olje- og gasseksporten var i 2001 på om lag 300 000 mill. kr. Det er om lag det same som året før. Den netto kontantstraumen til staten frå petroleumsvirksomma var på 243 000 mill. kr i 2001.

Det var knytt stor uvise til utviklinga i oljeprisen hausten 2001. For å bidra til å stabilisere oljemarknaden og hindre at oljeprisen fall til eit uønskt nivå vart den norske oljeproduksjonen redusert med 150 000 fat pr. dag i første halvår 2002. Tiltaket var einseitig og ikkje ein del av ei formalisert avtale med OPEC eller produsentar utanfor OPEC. På grunn av betre balanse i oljemarknaden og forventningar om vekst i oljeetterspørselen i andre halvår vart ikkje produksjonsreduksjonen vidareført utover første halvår.

6,4 pst. av Statens direkte økonomiske engasjement – SDØE – vart våren 2002 selt til Norsk Hydro og andre selskap. Det vart i alt selt delar i 30 utvinningsløyve, og 9 selskap kjøpte delar. Delane vart selde for til saman 8,4 milliardar kr.

Det er gjennomført tildeling av nytt areal i to omgangar siste året. I Nordsjø-tildelingane 2001 vart til saman 10 blokker, eller delar av blokker, tildelt 12 selskap. I den 17. konsesjonsrunden vart til saman 18 blokker, eller delar av blokker, i Norskehavet tildelt til saman 11 selskap.

Eigarane av gassrøra på kontinentalsokkelen er samde om vilkåra for ein felles eigarstruktur for gasstransport-systemet. Eigarstrukturen skal drøftast og godkjennast av styresmaktene.

Det er sett i gang arbeid for å utforme nye forskrifter om prinsippa for tilgang til rørleidningane og for tariffastsetjing.

EU-direktivet for gassmarknaden er gjennomført i norsk lovgjeving gjennom nødvendige lovendringar.

Gjennom Snøhvit-utbygginga er den hittil største og mest omfattande industriutbygginga i Nord-Noreg, og den første store verksemda knytt til olje og gass i landsdelen, eit faktum.

Det er sett i gang arbeid med ei konsekvensutgreiing av heilårig petroleumsvirksomma i dei nordlege havområda frå Lofoten og nordover.

Investeringane i elektrisitetsforsyninga var låge også i 2001, om lag 4,8 milliardar kr. I år med normal nedbør reknar Noregs vassdrags- og energidirektorat med at produksjonen vil vere på om lag 119 TWh. I 2001 var produksjonen av elektrisitet 121,9 tWh. Brutto kraftforbruk var 125,5 TWh, det høgaste forbruket som er målt. I meldinga om vasskrafta og kraftbalansen kom Regjeringa med framlegg for å betre tryggleiken i energiforsyninga.

Enova SF har frå 1. januar 2002 fått ansvaret for statens arbeid knytt til satsinga på fornybar energi og energisparing.

Noreg skreiv i juni under ei avtale om å delta i utviklingsfasen av neste generasjon amerikanske jagarfly. Utviklinga av alternative prosjekt skal framleis følgjast tett.

Regjeringa inngjekk i november ein kontrakt om kjøp av 14 helikopter av typen NH-90 til Forsvaret. Kjøpet blir gjort i samarbeid med Sverige og Finland.

Referansetestingsutvalet la i desember fram utgreiinga si om rammevilkåra for verdiskaping i Noreg.

I mai presenterte Regjeringa sin overordna IT-politikk, eNorge 2005. Målet er å medverke til verdiskaping i næringslivet, effektivitet og kvalitet i offentleg sektor og deltaking og identitet. Som eit ledd i dette arbeidet vart det i desember lagt fram ein strategi for eksport og internasjonalisering av IKT-næringa, og i april vart det lagt fram ein strategi for elektronisk innhald. Regjeringa har i aukande grad sett fokus på elektronisk innrapportering frå næringslivet og utvikling av ein samfunnsinfrastruktur for elektroniske signaturar. I juni vart det etablert ein elektronisk marknadsplass for offentlege innkjøp.

For å auke investeringane i forskning og utvikling – FoU – frå næringslivet har Regjeringa frå og med 2002 etablert ei skattefrådragsordning for bedriftsbasert FoU. Opprettinga av skattefrådragsordninga erstattar tilskottsordninga for FoU-prosjekt i regi av næringslivet, FUNN-ordninga.

Som eit ledd i forenklingsarbeidet retta mot næringslivet har Regjeringa oppretta eit prosjekt som skal medverke til at konsekvensane av nytt regelverk overfor næringslivet blir betre tydeleggjorde og dokumenterte.

Ein risiko- og sårbarheitsanalyse for daglegvarer for Nord-Noreg vart avslutta i januar 2002.

Det har vore ein nedgang i norskregistrerte skip i handelsflåten på om lag 5 pst. målt i bruttotonn. Talet på norske sjøfolk på skip i Norsk Ordinært Skipsregister har gått ned med om lag 6 pst. Talet på norske sjøfolk i Norsk Internasjonalt Skipsregister har endra seg lite. Sjøtransport utgjør om lag 45 pst. av transportarbeidet på fastlandet.

I fjor auka innanlandsk persontransport med 1,2 pst. sett i høve til 2000. Personbilen stod for 75 pst. av persontransportarbeidet. Godstransporten på veg auka med 2,7 pst. samanlikna med 2000.

Det er gjennomført omfattande støyskjermingstiltak langs veg- og jernbanenettet for å oppfylle krava i grenseverdiforskrifta innan 2005. Lokal og regional luftforureining frå vegtrafikken er også redusert som følge av mindre bruk av piggedekk og miljøkrav som blir stilte til kjøretøy og drivstoff.

Flytrafikken, målt i talet på passasjerar som har komme og reist over norske lufthamner, viste i 2001 ein nedgang på 4,5 pst. samanlikna med 2000.

Verksemda til NSB Gods vart med verknad frå 1. januar 2002 overført til det nyetablerte CargoNet AS, som NSB eig saman med det svenske Green Cargo AB.

NSB BA og Posten Norge BA vart med verknad frå 1. juli 2002 omgjorde til aksjeselskapa NSB AS og Posten Norge AS.

I 2001 vart 11 522 personar skadde og 275 drepne i vegtrafikken. Det er 66 færre omkomne enn i 2000. 6

personar omkom i jernbaneulykker i 2001, og 3 personar omkom i luftfartsulykker. Regjeringa legg i det langsiktige tryggleiksarbeidet til grunn ein visjon om at det ikkje skal skje ulykker med drepne eller livsvarig skadde.

Stortinget behandla i vår stortingsmeldinga om betre kollektivtransport. Innsatsen på dette feltet inngår som eitt av fleire verkemiddel for å sikre ei miljøvennleg utvikling og eit velfungerande bysamfunn.

Konkurransen i telemarknaden er aukande, men framleis ikkje tilfredsstillande. I juni vart eit utkast til ny lov om elektronisk kommunikasjon sendt ut på høyring.

Regjeringa la i mai fram ei stortingsmelding om situasjonen i den norske mobilmarknaden. Det vart elles i april tildelt åtte firesifra telefonnummer til konkurrerande opplysningstenester på telefon.

Regjeringa har arbeidd vidare med prinsippa for organiseringa av den offentlege matforvaltninga med utgangspunkt i stortingsbehandlinga av saka.

I forhandlingane mellom staten og Noregs Fiskarlag hausten 2001 om stønadsmidlar til fiskerinæringa vart dei to avtalepartane samde om ei økonomisk ramme på 90 mill. kr.

Ved å opne for nye konsesjonar for oppdrett av laks og aure vil Regjeringa medverke til å få i gang ny næringsverksemd i område som i dag ikkje er fullt utnytta til havbruksformål. Av dei 40 nye konsesjonane som er utlyste, vil over halvparten bli lokalisert i dei tre nordlegaste fylka. Tildelingane er samkøyrde med framlegget frå Regjeringa til nasjonale laksevassdrag og -fjodar.

Etter at det vart vedteke å opne for eksport av vågekval på visse vilkår, vart det for første gong på mange år eksportert eit mindre kvantum kvalprodukt til Island i juli.

Gytebestandane av fleire viktige arter av botnfisk i Barentshavet er låge eller utsette for for hardt fiske. Det aukar risikoen for dårleg rekruttering. Det er derfor eit mål å redusere fangstpresset slik at fiskebestandane kan vekse. Bestanden av sei nord for 62°N, lodde i Barentshavet, norsk vårgytande sild og nordsjøsild er derimot i god forfatning. Makrellbestanden er i god vekst som følge av felles forvaltningsstrategi mellom Noreg, EU og Færøyanane. Situasjonen for kolmulebestanden er derimot usikker. Arbeidet med å etablere eit kyststatregime for forvaltninga av kolmule er ikkje slutført.

I Nordsjøen er situasjonen for bestandane av botnfisk alvorleg, særleg for torsk. Noreg og EU har redusert toalkvotane for 2002. I tillegg har partane halde fram arbeidet med å betre fangstmønsteret i Nordsjøen. Bestanden av sei i Nordsjøen er derimot god.

Overfor Kommisjonen for levande marine ressursar i Antarktis har Noreg fått gjennomslag for eit framlegg om å innføre svartelisting som eit tiltak mot ulovleg og ukontrollert fiske i internasjonalt farvatn.

Fiskeridepartementet arbeider med å følgje opp kontrolltiltak i fiskerinæringa med sikte på å betre ressurskontrollen og forvaltninga av dei levande marine ressursane.

Arbeidet med å betre driftsvilkåra for fiskeflåten har halde fram m.a. ved å tilpasse kapasiteten til fiskeflåten til ressursgrunnlaget, for med det å betre lønnsmda for

fartøya og leggje grunnlaget for fornying. Ordninga med einingskvotar er innført for nesten alle grupper innanfor havfiskeflåten. No pågår arbeidet med å innføre gode drifts- og strukturordningar innanfor kystflåten.

Utvalet som har vurdert spørsmål rundt eigarskapen i fiskeflåten, la fram innstillinga si i juni.

Kystdirektoratet er flytta frå Oslo til Ålesund frå 1. januar 2002. Frå same dato vart det etablert ei produksjons-eining ved distriktskontoret i Kabelvåg.

Arbeids- og administrasjonsministeren heldt i januar ei utgreiing for Stortinget om arbeidet med brukarretting, modernisering, effektivisering og forenkling som Regjeringa held på med. Desentralisering og delegering vart framheva som dei viktigaste verkemidla for å nå målsetjinga.

Stortinget drøfta i mai stortingsmeldinga om helse, miljø og tryggleik i petroleumsverksemda.

På bakgrunn av ein odelstingsproposisjon som vart fremja i desember, har Stortinget vedteke ny lov om brann- og eksplosjonsvern. Lova, som tok til å gjelde i juli, samlar tre lover til éi og reduserer talet på forskrifter.

Nytt helse-, miljø- og tryggleiksregelverk på sokkelen vart sett i verk 1. januar 2002. Det nye regelverket er forenkla ved at 14 forskrifter for verksemda er redusert til 5.

Regjeringa har byrja å gå igjennom forskriftsverket på HMS-området med utgangspunkt i næringslivet som målgruppe.

Stortinget har på bakgrunn av ein odelstingsproposisjon som vart lagd fram i juni, vedteke endringar i føresegnene i arbeidsmiljølova om overtid og samstundes fjerna stillingsvernet for topleiarar som har etterlønsavtale.

Ved avslutninga av prosjektet «Kvinne, kvalitet og kompetanse i staten» hadde det lykkast å auke prosentdelen av kvinner i leiarstillingar i staten frå 22 pst. i 1997 til 28 pst. i 2002. Regjeringa har sett eit nytt måltal til minst 40 pst. representasjon av begge kjønn innan 1. januar 2006. Det er fastsett prosedyrekrav for rekruttering til statlege topleiarstillingar.

Regjeringa har vedteke ein konkurransepolitisk handlingsplan. Konkurransestyresmaktene skal styrkast. Offentlege reguleringar skal gjennomgåast og offentlege innkjøp, sal av statsselskap og organisering og drift av offentleg verksemd skal innrettast slik at konkurransen blir stimulert.

Nye og enklare reglar for utrekning av ytingar under medisinsk rehabilitering og yrkesretta attføring tok til å gjelde 1. januar 2002.

I lønnsoppgjeret for 2002 vart det avtalt forbundsvise eller sentrale tillegg i dei fleste av dei store avtaleområda. I dei områda der avtalene gjev tilgang til lokale forhandlingar, er slike forhandlingar gjennomførte på vanleg måte.

Det er frå 1. juli inngått nye avtaler om basistilskott og takstar for privatpraktiserande legar, fysioterapeutar og psykologar.

Etter oppmoding frå Regjeringa la Pensjonskommissjonen fram ein førebels rapport først i september. Rap-

porten vil liggje til grunn for det vidare arbeidet i kommisjonen, som vil halde fram til oktober 2003.

Regjeringa har nemnt opp eit offentleg utval som innan utgangen av året skal vurdere framlegg til løysingar som skal sikre at regelverket for meirverdiavgift verkar nøytralt i høve til vedtaka i kommunane.

Regjeringa har nemnt opp eit ekspertutval som innan utgangen av året skal vurdere prinsippa for utforming av skatte- og avgiftssystemet. Utvalet skal i særleg grad vurdere utforminga av inntekts- og formuesskattlegginga, både ut frå omsynet til effektiv ressursbruk, fordeling og at det skal vere enkelt, og om skattesystemet er godt nok tilpassa aukande internasjonal mobilitet.

På bakgrunn av ein odelstingsproposisjon som vart lagd fram i mars, har Stortinget vedteke ei ny lov om registrering av finansielle instrument – verdipapirregisterlova. Lova inneber at det monopolet Verdipapirsentralen tidlegare hadde på å drive slik registrering, blir erstatta av konsesjonskrav for å drive slik verksemd.

På bakgrunn av ein odelstingsproposisjon som vart fremja i mars, har Stortinget vedteke ei lovendring som opnar for å kunne omdanne sparebankar til aksjeselskap eller allmennaksjeselskap.

Nye lovtiltak mot terrorisme tok til å gjelde i juni. Med lovendringane blir FN-konvensjonen 9. desember 1999 om tiltak mot finansiering av terrorisme og resolusjon 1373 i Tryggingrådet i FN 28. september 2002 gjennomførte.

Det vart i juni vedteke ei rekkje lovendringar for å sikre ei raskare avvikling av straffesaker. Samtidig vart reglane om varetektsfengsling i isolasjon endra for å sikre ei meir forsvarleg behandling av varetektssaker der den sikta blir halden isolert og for å avgrense bruken av og lengda på slik isolasjon.

Ei ny lov om straffegjennomføring tok til å gjelde i mars. Lova gjev moderne og gode rammer rundt straffegjennomføringa i fengsel og etablerer ei ny samfunnsstraff. Dette er eit viktig bidrag til å redusere tilbakefallet og dermed til mindre kriminalitet.

Regjeringa har arbeidd vidare med tiltak mot kriminalitet blant barn og unge. Ein proposisjon om lovtiltak mot barne- og ungdomskriminalitet vart fremja i juni.

Også arbeidet med tiltak mot vald har halde fram. Det er gjennomført lovendringar for å få bukt med ulovleg bruk av kniv og skytevåpen. Vidare er det fremja forslag til lovendringar for å gjere besøksforbod til eit meir effektivt verkemiddel for å førebyggje vald.

Som eit ledd i oppfølginga av handlingsplanen «Vold mot kvinner» er det etablert prosjekt som skal utvikle modellar for førebygging av vald, samarbeid mellom aktuelle instansar og bistand til offer og overgripingar. Utviklinga av mobile valdsalarmar blir ført vidare.

Ei utgreiing om stillinga til den fornærma i straffeprosessen er lagd fram. I samband med det tek ein opp spørsmålet om å styrkje rettsstillinga til foreldra til barn som er drepne ved ei straffbar handling.

Regjeringa offentleggjorde i juli ein handlingsplan mot rasisme og diskriminering. Handlingsplanen inne-

held ei rekkje tiltak. Arbeidet med å gjennomføre tiltaka har teke til.

Regjeringa har med bakgrunn i ein urovekkjande auke i bruk av truslar mot vitne i straffesaker dei seinare åra fått utarbeidd ein rapport med framlegg til tiltak for å verne vitne i straffesaker mot truslar, represaliar m.m. Politidirektoratet har fått i oppgåve å setje i verk enkelte tiltak med omgåande verknad.

Den nye forbrukarkjøpslova tok til å gjelde i juli. Lova har bakgrunn i ein odelstingsproposisjon som vart fremja i mars.

Frå 1. januar 2002 tok det folkevalde organet Longyearbyen lokalstyre til å fungere. Longyearbyen lokalstyre avløyser Svalbardrådet, men har eit monaleg vidare ansvarsområde.

På bakgrunn av ein proposisjon som vart lagd fram i desember, har Stortinget vedteke ei ny lov om personnamn. I lova har Regjeringa lagt til rette for ei meir liberal haldning til namneformer, til kva mellom- og etternamn folk kan bruke og til bruk av utanlandske namneskikkar.

I august vart det lagt fram ein odelstingsproposisjon for Stortinget med framlegg til endringar i plan- og bygningslova som skal føre til ein meir effektiv og enklare byggesaksprosess.

Det er vidare fremja ein proposisjon om endringar i plan- og bygningslova, som m.a. inneheld fristar i planlegginga og betre tilgang til kart og geografisk informasjon, noko som vil gje raskare og meir effektiv behandling av plan- og byggesaker.

Regjeringa har nemnt opp eit lovutval som skal gjennomgå plan- og bygningslova med sikte på å forenkle bygningslovgevinga.

Ny lov om val til kommunestyre og fylkesting tok til å gjelde i september.

Framlegget frå Regjeringa om at kommunar og fylkeskommunar kan konkurranseutsetje revisjonsverksemda har fått tilslutning i Stortinget.

Stortinget har handsama ei stortingsmelding om oppgåvefordelinga mellom stat, fylkeskommunar og kommunar.

For å sikre ein verknadsfull distrikts- og regionalpolitikk i framtida er det sett ned eit utval – Effekttvalet – som skal vurdere verknadene av ulike typar statleg innsats for distriktpolitiske mål og regional utvikling.

Regjeringa har presentert si samepolitiske plattform i tilleggsmeldinga om samepolitikken.

Regjeringa la i juni fram ein handlingsplan med tiltak for å auke deltakinga i samfunnet for barn og unge med innvandrabakgrunn.

Lovutvalet for lov mot etnisk diskriminering leverte innstillinga si i juni.

Som eit ledd i arbeidet med å mjuke opp regelverket for arbeidsinnvandring til Noreg har Regjeringa sett i verk lov- og forskriftsendringar for å lette rekrutteringa av faglært arbeidskraft frå utlandet.

Det siste året er det sett i verk ei rekkje tiltak i Utlendingsdirektoratet med sikte på å effektivisere verksemda, og behandlingstida for utlendingssaker har gått ned.

Stortinget har slutta seg til tilleggsmeldinga frå Regjeringa om norsk klimapolitikk, som inneheld framlegg til ein meir offensiv politikk og fleire og tidlegare konkrete tiltak på klimaområdet. For å få meir kunnskap om verknadene av global oppvarming og tilpassing til eit klima i endring har Regjeringa løyvd midlar til eit nytt forskingsprogram: KlimaEffekter.

Regjeringa la i september fram eit framlegg til ny lov om miljøinformasjon, som vil sikre at alle får rett til miljøinformasjon og til å delta i avgjerdsprosessar som har innverknad på miljøet.

Kulturminneutvalet la fram innstillinga «Fortid former framtid» i desember. Stortinget vedtok på bakgrunn av eit framlegg frå Regjeringa å styrkje arbeidet med å ta vare på kulturminne og kulturmiljø ved å opprette eit kulturminnefond på 200 mill. kr i revidert nasjonalbudsjett.

Regjeringa oppretta i desember Forollhogna nasjonalpark, den første nye nasjonalparken i Noreg på 10 år. Dovre nasjonalpark er utvida til Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark, og saman med tilhøyrande landskapsvernområde er dette no det største verneområdet i Noreg. Vernet skal sikre eit intakt høgfjellsøkosystem med villrein, jerv, fjellrev, kongeørn og ravn.

Svalbard skal vere mellom dei best forvalta villmarksområda i verda. Svalbardmiljølova vart sett i verk 1. juli. Regjeringa har også verna Bjørnøya som naturreservat.

For å styrkje vernet av villaksen har Regjeringa lagt fram ein stortingsproposisjon der det vart gjort framlegg om å opprette 37 nasjonale laksevassdrag og 21 nasjonale laksefjorlar.

Regjeringa har gjort framlegg om og Stortinget har vedteke ein auke i løyvingane til barskogvern, som skal disponerast gjennom Jordfondet. Det skal medverke til å sikre det rike biologiske mangfaldet i skogane våre, og det vil også betre konkurransevna for norske trebaserte produkt på marknader som er miljømedvitne.

Stortinget har behandla stortingsmeldinga om betre miljø i byar og tettstader, som Regjeringa la fram i april. For å fremje det godet livet i byar og tettstader vil Regjeringa særleg leggje vekt på tiltak for gode utemiljø, grønne lungar, reinare luft, mindre støy, betre helse og tryggleik. Ei miljøvennleg byutvikling vil krevje betre utnytting av areala og ei prioritering av kollektivtransport, sykkel- og gangveggar.

Regjeringa har styrkt arbeidet for å redusere utsleppa av radioaktivt avfall frå Sellafield.

Regjeringa la i juni fram ei samla melding om oppvekst- og levekår for barn og ungdom i Noreg.

Regjeringa har prioritert arbeidet mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting og la i vår fram plandokumenta «Fornyet innsats mot tvangsekteskap» og «Regjeringens innsats mot kjønnslemlestelse».

Som eit ledd i innsatsen mot tvangsekteskap har Regjeringa sendt eit framlegg til endringar i ekteskapslova på høyring. Innføring av obligatorisk prøving av ekteskapsvilkåra er eitt av framlegga.

Regjeringa gjorde framlegg om ei rekkje tiltak for å styrkje barne- og ungdomsvernet i stortingsmeldinga om barne- og ungdomsvernet som vart lagd fram i juli.

Regjeringa har komme med framlegg til endringar i reglane for fastsetjing og endring av farskap i barnelova. Framlegget tek m.a. sikte på å styrkje retten som barn har til å kjenne sitt biologiske opphav.

Regjeringa har sett i verk forsøk med arbeidsvurdering som eit ledd i arbeidet med å gjere lønnskilnaden mellom menn og kvinner mindre.

Forbrukarrådet er gjennom nye vedtekter frå 1. juli gjort til forvaltningsorgan med særskilde fullmakter, og det er oppretta eit styre for organisasjonen.

Regjeringa har komme med framlegg til endringar i gjeldsordningslova. Framlegget inneber ei klargjering og forenkling av gjeldande lov og vil gjere det lettare å komme fram til gjeldsordning med offentlege kreditorar, her medrekna skatte- og avgiftskreditorar.

Regjeringa har lagt fram og Stortinget har vedteke nye føresegner om garantiar i marknadsføringslova. Føresegnene vil bidra til å klargjere rettstilstanden og gjere både næringsdrivande og forbrukarar meir medvitne om skilnadene mellom garantiar og reklamasjonar.

Regjeringa har med verknad frå 1. januar 2002 omorganisert den sentrale sosial- og helseforvaltninga. Helsedepartementet og Sosialdepartementet vart oppretta. Ei rekkje verksemdar er slått saman i Sosial- og helsedirektoratet og i Nasjonalt folkehelseinstitutt. Helsetilsynet har frå same tid vorte eit reint tilsynsorgan.

Regjeringa har lagt fram ein odelstingsproposisjon med endringar i spesialisthelsetenestelova for å gje Statens helsetilsyn høve til å fastsetje tvangsmulkt i samband med pålegg som er gjevne etter spesialisthelsetenestelova.

Opptrappingsplanen for psykisk helse 1999–2006 er følgd opp i tråd med intensjonane i Stortinget.

Eit utval er sett ned for å vurdere finansieringsforma for spesialisthelsetenesta.

Trygdeetaten har dei par siste åra arbeidd spesielt med å få uførepensjonistar tilbake i arbeid. Verkemiddel som sikrar at alle tener på å auke arbeidsinntekta, gjev etter kvart resultat. Trygdeetaten har no fått fleire hundre i inntektsgjevande arbeid.

Til behandling i Stortinget ligg det no eit framlegg frå Regjeringa om å gje tidsavgrensa uførestønad til personar som framleis har ei viss arbeidsevne, medan varig uførepensjon berre skal gå til personar som er 100 pst. arbeidsuføre.

Organisert og omfattande trygdemisbruk viser ein urovekkjande tendens. Regjeringa har derfor støtta oppmodinga frå trygdeetaten om å opprette egne misbruksgrupper i trygdeetaten for å motverke dette. Lovendringar som nyleg er vedtekne, gjer trygdeetaten betre i stand til å avdekkje trygdemisbruk.

Regjeringa har nemnt opp eit utval som skal vurdere innhald, kvalitet og organisering av grunnopplæringa. Utvalet har komme med ei delutgreiing med framlegg til eit nasjonalt system for kvalitetsvurdering.

I Utdannings- og forskingsdepartementet er saksbehandlingstida for søknader etter privatskolelova korta ned, og det er innført ein meir liberal praksis.

For å betre læringsmiljøet til barn og unge har Regjeringa gjort framlegg om lovfesta krav til skolemiljøet og føresegner som gjev elevane meir å seie i skolen.

Regjeringa har gjort det enklare å drive forsøk og har utarbeidd Ver Aktiv-plakatar for betre å kunne utnytte handlingsrommet i skolen. Ei ordning med bonus- og demonstrasjonsskolar er innført frå hausten 2002. Timetalet i norsk er auka med tre timar på småskolesteget, og det er fastsett ny og forenkla læreplan i KRL-faget.

Nasjonalt senter for matematikk i opplæringa vart oppretta i august.

Det er lagt fram eit framlegg om opplæring av rektorar og mastergradar i skoleleiing. Det er innleidd ein dialog med Kommunenes Sentralforbund om betre og meir profesjonell eigarskap i norsk skole. Regjeringa har opna for større lønnsdifferensiering for lærarar og rektorar.

For å få fleire søkjarar til lærarutdanningane er det gjennomført ein landsomfattande førskolelærar- og lærarrekutteringskampanje med særleg vekt på rekruttering av menn og personar med tospråkleg kompetanse. Talet på søkjarar til allmenn- og faglærarutdanninga har auka monaleg.

Regjeringa har fremja eit lovframlegg som presiserer gratisprinsippet i grunnskolen. Vaksne som har behov for det, har frå august 2002 rett til grunnskoleopplæring.

Regjeringa har oppretta Forum for kompetanse og arbeidsliv som ein møteplass for politiske styresmakter, partane i arbeidslivet og institusjonar som tilbyr utdanning.

Nasjonale system for dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse er under etablering.

Ei låneordning for skolebygg og skoleanlegg, inklusiv breiband, er innført.

Det er innført ei ny økonomisk støtteordning for studentar i høgare utdanning frå hausten 2002. Ordninga inneber m.a. at studentar får auka støtte frå Lånekassa, og at delar av stipendutbetalingane er avhengig av oppnådde vektal.

Som ledd i Kvalitetsreforma i høgare utdanning har Regjeringa lagt fram og Stortinget handsama ny universitets- og høgskolelov, stortingsmelding om ny gradsstruktur i høgare utdanning, stortingsmelding om rekruttering av vitenskapleg personale til universitet og høgskolar og stortingsmelding om høgare kunstutdanning. Regjeringa har vidare lagt fram ei stortingsmelding om samisk høgare utdanning og forskning. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga er oppretta for å sikre kvaliteten i høgare utdanning.

For å sikre framdrift i innføringa av Kvalitetsreforma også for private høgskolar har Regjeringa komme med framlegg til endringar i privathøgskolelova. Lova er vedteken av Stortinget og tok til å gjelde 1. juli. Regjeringa har også lagt fram eit framlegg til ny lov om folkehøgskolar.

I juni vart det peikt ut 13 senter for framifrå forskning. Regjeringa har følgd opp evalueringa av Noregs forskingsråd gjennom vedtaket om ein modell med eitt forskingsråd, men med store endringar samanlikna med dagens system. Kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping er auka, Niels Henrik Abels minnefond i matematikk er oppretta og Abel-prisen skal delast ut første gong i 2003. Regjeringa har fremja eit lovframlegg om auka kommersialisering av forskingsresultat.

Kristendommen er som tru og tradisjon framleis ein berebjelke i samfunns- og kulturlivet, både lokalt og nasjonalt, trass i auka kulturelt og religiøst mangfald. Med-

lemstalet i Den norske kyrkja ligg stabilt på 86 pst. av folket, og oppslutninga om kyrkjelege handlingar som dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd er høg.

Det er utført nødvendige utbetnings- og sikringstiltak ved museumsjernbanen på Kongsberg, slik at banen kunne opnast att i juli i år.

Stortinget har ved behandlinga av stortingsmeldinga om mål og verkemiddel i mediepolitikken i hovudsak slutta seg til dei justeringane i presse- og annonseringspolitikken til staten som det var gjort framlegg om.

Det er lagt fram ein odelstingsproposisjon om endringar i kringkastingslova som ei oppfølging av ei utgreiing om konvergens – samansmelting – av tele-, data- og mediesektorane.

Det er kunnngjort ein konsesjon for analog riksdekkjande reklamefinansiert radio for perioden 2004–2014.

Det er kunnngjort ein konsesjon for retten til å bygge ut og drive eit digitalt bakkenett for fjernsyn.

Omlegginga av filmpolitikken er slutført i 2002, i tråd med dei hovudprinsippa som Stortinget har slutta seg til.

For 2002 utgjer delen av overskottet i Norsk Tipping AS til idrettsformål 858,3 mill. kr. Av dette er det sett av 428 mill. kr til idrettsanlegg, 299,5 mill. kr til Norges Idrettsforbund og Olympiske Komite, 86 mill. til direkte tilskott til arbeid for barn og unge i lokale lag og foreningar og 44,8 mill. kr til andre idrettsformål.

Stortinget har vedteke ei endring av tippenøkkelen, slik at etter ein overgangsperiode på tre år vil overskottet frå Norsk Tipping AS bli fordelt likt mellom idrett og kultur.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, ærede kolleger!

Det 147. Storting, som Deres Majestet i dag har åpnet, går til sin ansvarsfulle gjerning i en tid preget av uro og uforutsigbarhet. Det internasjonale fellesskap som vi er en del av, er utsatt for store påkjenninger. Ettervirkningene etter 11. september i fjor preger fortsatt en hel verden, sikkerhetsmessig og økonomisk. I tillegg er situasjonen i Midtøsten kanskje mer spent enn på lenge. Likevel har vi en plikt til ikke å miste troen på fremtiden og at det nytter å gjøre noe. Gjennom vårt medlemskap i FNs sikkerhetsråd har vi et særlig ansvar for å bidra til konstruktive løsninger innenfor rammen av anerkjente folkerettslige prinsipper. Som øverste representant for vårt folkestyre vil Stortinget medvirke samvittighetsfullt i dette arbeidet. Jeg føler meg sikker på at Stortinget vil legge til grunn for sin behandling den respekt for menneskerettigheter og det humanistiske menneskesyn som vi setter så mye inn på å forsvare.

Trontalen bærer bud om mange store, viktige og vanskelige saker som Stortinget vil få til behandling. Det vil være vår fremste fellesoppgave å bidra til å bevare de

livskvaliteter og det velferdssamfunn som møysommelig og i fellesskap er bygd opp i landet vårt. Å skape trygghet for sysselsetting og et inkluderende arbeidsliv samt arbeidet med klimapolitikken vil stå meget sentralt for dette storting. Det samme gjelder den kontinuerlige innsatsen for forbedringer innenfor utdanning, helsetjenester og eldreomsorg. Kampen mot vold og kriminalitet må vi også hele tiden ha i fokus. Særlig vil den organiserte kriminalitet stille oss overfor stadig nye utfordringer. Vi rystes av forferdelige kriminelle handlinger også i vårt hjemland og føler fortvilelse og sorg, men fylles også med sinne og vantro. Stortinget vil aktivt medvirke gjennom sine forhandlinger for å skape et tryggere samfunn.

Kompliserte problemstillinger i kjølvannet av den økende brutalisering i samfunnet vil Stortinget også snart måtte ta stilling til ved behandling av den nylig avgitte proposisjonen om endringer i politiloven og straffeloven. Som Deres Majestet er kjent med, foreslås det her at en person som er utsatt for alvorlige trusler, skal kunne få tildelt en fiktiv identitet dersom andre beskyttelsestiltak ikke anses å kunne gi vedkommende tilstrekkelig vern. Det er vondt å tenke på at det nå også i vårt land er blitt nødvendig å vurdere denne type tiltak. Av hensyn til befolkningens trygghet må vi imidlertid forholde oss til den verden vi lever i, ikke en ønskedrøm om hvordan det burde være.

Stortingets arbeid i høstsesjonen vil som vanlig først og fremst være konsentrert omkring arbeidet med å få vedtatt statsbudsjettet for det kommende år. Den parlamentariske situasjonen medfører at det kan bli en komplisert oppgave som vil stille store krav både til den enkelte representant og til Stortinget som helhet. Jeg har imidlertid tro på at vi, til tross for uenighet om mange saker, føler et felles ansvar for å gi landet et tjenlig budsjett også for neste år, og at det vil bli vedtatt innenfor de rammer som gjelder for budsjettbehandlingen i Stortinget.

I forvisning om at representantene vil gjøre sitt ytterste for å løse de mange og store oppgaver som ligger foran oss, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønsket, og alle de tilstedeværende sang deretter første vers av fedrelandssangen, «Ja, vi elsker».

Hans Majestet Kongen og Hennes Majestet Dronningen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten vil foreslå at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for behandling i et senere møte – og anser det for vedtatt.